

Miljødirektoratet
Postboks 5672
7485 Trondheim

Knarvik, 12. september 2018

Søknad om UNESCO-status for Nordhordland Biosfæreområde

Regionrådet i Nordhordland søker med dette om at eit definert område, nemnt som Nordhordland Biosfæreområde, vert godkjent som eit UNESCO Biosfæreområde. Me viser til tett dialog med Miljødirektoratet i utforminga av søknaden, og til søknad til Klima- og miljødepartementet datert 24. mars 2015 om å få status som biosfærekandidat.

Nordhordland har lenge arbeida mot målet om å bli utnemnd som eit Unesco Biosfæreområde av 'International Coordinating Council, ICC' for MAB-programmet. Prosjektet har vore grundig handsama politisk og administrativ over fleire år i Regionrådet i Nordhordland, og i dei 11 direkte berørte kommunane (eigarkommunane). Så har det vore politisk og administrativ involvering og dialog med dei kommunane som ikkje direkte er med i biosfæreområdet, men som har litt areal liggande i området grunna naturlege justeringar. Dette kjem fram i søknaden.

Regionrådet i Nordhordland og Universitet i Bergen skreiv i juni 2013 under ein intensjonsavtale, og søknadsarbeidet har sidan skjedd i tett samarbeid mellom desse. Vidare har søkjar hatt tett dialog med Miljødirektoratet, UNESCO-kommisjonen, UNESCO i Paris med fleire undervegs i arbeidet.

I styringsgruppa for prosjektet har me hatt brei deltaking med representantar frå kommunane (ordførarar), Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Nordhordland Naturvernforbund og næringsliv.

Prosjektet har i løpet av arbeidet fått midlar mellom anna frå kommunane, Universitetet i Bergen, Fylkesmannen i Hordaland, UNESCO-kommisjonen og Grieg Foundation.

Vedlagt vert hovudsøknaden oversendt til Miljøverndirektoratet for vidare handsaming. Regionrådet i Nordhordland ser fram til Nordhordland Biosfæreområde vert godkjent hjå UNESCO og til arbeidet me skal gjera i regionen som det første UNESCO Biosfæreområde i landet.

Med venleg helsing



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Prosjektleiar: Kari Evensen Natland, Nordhordland Utviklingsselskap IKS